

ULVIK HERAD

Alkoholpolitiske retningslinjer 2024 – 2028

DEL 1 ALMINNELEGE BESTEMMINGAR

§ 1 Prinsipp for vurdering av søknadar om sals- og skjenkeløyve

Søknadar om sals- og skjenkeløyve skal avgjerast i tråd med alkohollova og bestemmingar gjeve i medhald av denne. Søknadane skal i tillegg vurderast i tråd med Ulvik herad sine alkoholpolitiske retningslinjer. Der det ikkje står anna i desse retningslinene, gjeld ordlyden i alkohollova og bestemmingar gjeve i medhald av denne.

Søknad om utviding av skjenkeområde og skjenkeløyve for einskildhøve skal vera levert til kommunen seinast tre veker før løyvet skal takast i bruk. Kommunen kan avvise søknad som kjem inn etter fristen.

§ 2 Definisjonar

Alkoholhaldig drikk:

- Gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.
- Gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Gruppe 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

Sal: Overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking utanfor salsplassen.

Skjenking: Overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking på plassen.

§ 3 Løyveperioden

Sals- og skjenkeløyve vert gitt for inntil 4 år av gangen. Det nye heradsstyret etter heradsstyret kan vedta at alle eller nokon løyver skal løpa utan fornying kvart 4. år, men berre etter ein revidering av alkoholpolitiske retningslinjer. Sals- og skjenkeløyve kan også gis for ein tidsavgrensa periode, for ein bestemd del av året eller for eit einskildhøve. For einskildhøve er det spesifisert eigne vilkår, jf. § 5.

DEL 2 Skjenkeløyve

§ 4 Tildeling av alminneleg skjenkerett for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3.

1. Skjenkerett for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 kan tildelast til overnattingsplassar, restaurant, pub, bar, diskotek, kafé, bistro og serveringsplass knytt til gardsturisme.
2. Hotell og overnattingsplassar kan få løyve til å skjenka alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 frå minibar på overnattingsrom og frå resepsjon heile døgnet for konsumering på overnattingsrom. Dette gjeld ikkje campinghytter.
3. Skjenkerett på uteareal vert gjeve etter ein konkret vurdering av kvar enkelt sak. Følgjande moment skal vurderast: Ro- og ordensmessige omsyn, trafikk, tilgjenge og omsyn til fri ferdsel. Skjenketida utandørs kan avgrensast om ro- og ordensmessige omsyn og/eller omsyn til omkringliggjande naboar tilseier dette. På skjenkeareal ute kan det skjenkast same gruppe alkohol som det er gjeve løyve til inne. Skjenkeareal ute skal som hovudregel avgrensast fysisk med gjerde eller liknande der heile skjenkearealet er omslutta.

Det vert ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve til:

1. Idrettshallar og skular/barnehage. I idrettshallar kan det verta gjeve løyve ved særskilde høve, når det ikkje er mogeleg å finne alternative lokalar som er store nok, t.d. ved større konsertar.
2. Frisørsalongar, spa og andre plassar som primært sel andre typar varer og tenester.

§ 5 Skjenkeløyve for einskildhøve og ambulerande skjenkeløyve

1. Det kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde høve i forsamlingslokale med eventuelt uteområde. For skjenking på uteområde gjeld same krav som i § 4-3. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for idrettsarrangement.
2. Det vert sett som vilkår at det er oppnemnt ein skjenkestyrar og ein vara for skjenkestyrar. Ved særskilde høve som ved t.d. mindre arrangement kan ein gje dispensasjon frå kravet om vara.
3. For å få løyve til einskildhøve må det vere minimum 18 års aldersgrense til skjenkelokalet. Det kan søkjast om dispensasjon ved enkelte typar arrangement der det vil vere naturleg å gje tilgang til ungdom under 18 år. Dette kan vere kulturelle arrangement som t.d. konsertar og revy, eller private arrangement som t.d. bryllaup.
4. Brot på vilkåra sett i løyvevedtaket og alkohollova kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.
5. Det kan setjast krav til vakthald/mannskap ved skjenkeløyve for einskildhøve.
6. Det vert ikkje gjeve ambulerande skjenkeløyve i Ulvik herad

§ 6 Utviding av skjenkeområde

1. Det kan etter søknad verta gjeve løyve til utviding av eit skjenkeområde for alminnelege løyver. Kommunen gjer vurderingar etter alkohollova §1-7a for kvar einskild søknad, og søknaden skal sendast til politiet for uttale.
2. Utviding av skjenkeområde gjeld for dei same alkoholgruppene som løyvehavar har rett til å skjenke. Skjenketid følgjer dei vedtekne skjenketidene som løyvehavar har fått, men kommunen kan innskrenke skjenketidene ved utvida skjenkeområde.
3. Arrangement må meldast frå om til politiet. Nokon arrangement kan også vere søknadspliktige til politiet. Politiet kan sette andre krav til vakthald enn det som er skissert her.
4. Det vert sett krav til vaktar for utvida skjenkeområde slik:

Arrangement med inntil 100 gjestar	Minimum 2 stk
Andre arrangement enn dans med meir enn 100 gjestar	Minimum 4 stk
Dans med 100- 300 gjestar	Minimum 6 stk
Dans med meir enn 300 gjestar	Minimum 9 stk – endeleg vaktkrav vert sett i lag med politiet etter ei risikovurdering

§ 7 Tilverking av alkoholhaldig drikk for skjenking i eiga verksemd

1. Eit ordinært skjenkeløyve kan etter søknad utvidast til å omfatta tilverking av alkoholhaldig drikk som ikkje er brennevin, eller til innførsel av slik alkoholhaldig drikk som løyvet gjeld, for skjenking i eiga verksemd. Løyver gitt for ein bestemd del av året eller ved einskildhøver kan ikkje utvidast til å gjelda innføring, men kan gjelda tilverking for skjenking i eiga verksemd.

2. Kvar einskild søknad vert vurdert individuelt. Det vert sett som krav at tilverkinga inngår som ein del av verksemda si heilskaplege karakter og serveringstilbod. Det skal mellom anna leggjast vekt på lokale tradisjonar, og om tilverkinga fremmar lokal kultur og turisme. Tilverkinga skal skje ved skjenkeklassen.

§ 8 Skjenketider

1. Lik skjenketid alle dagar, dei same skjenketidene gjeld inne og ute:

Gruppe 1 og 2: Kl. 08:00 – 02:00

Gruppe 3: Kl. 13:00 – 01:00

2. Løyvehavar står fritt til å bestemme sin eigen skjenketid innanfor dei rammer som er gitt i løyvevedtaket og etter loven.

DEL 3 SALSLØYVE

Alkohollova §3-1 (Retten til sal av alkoholhaldig drikk) seier at sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 berre kan skje gjennom AS Vinmonopolet på grunnlag av kommunalt løyve. Sal av anna alkoholhaldig drikk (gruppe 1) kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve, og gjeld for ein bestemd type lokale og bestemd type verksemd. Det kan etter alkoholforskrifta §3-4 ikkje gjevast salsløyve til bensinstasjon eller kiosk. Ut over dette står kommunen relativt fritt til å velje kva type verksemd som skal få salsløyve eller ikkje. Ulvik herad har ingen retningslinjer for kven som kan eller ikkje kan få løyve til sal av alkoholhaldig drikk utover det som er nemnd i alkoholforskrifta.

§ 9 Utviding av salsområde

Det kan etter søknad, ved særskilde høve, verta gjeve løyve til utvida område for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1. Særskilde høve er t.d. festivalar, messer og kurs. Det vert ikkje gitt løyve til sal og skjenking i same lokale.

§ 10 Tilverking av alkoholhaldig drikk for sal i eiga verksemd

1. Eit ordinært salsløyve kan etter søknad utvidast til å omfatta tilverking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (opp til 4,7 volumprosent), eller til innføring av slik alkoholhaldig drikk, for sal i eiga verksemd. Løyver gitt for ein bestemd del av året eller ved einskildhøver kan ikkje utvidast til å gjelda innføring og tilverking.
2. Kvar einskild søknad vert vurdert individuelt. Det vert sett som krav at tilverkinga inngår som ein del av verksemda sitt heilskaplege tilbod og karakter. Det skal mellom anna leggjast vekt på lokale tradisjonar, og om tilverkinga fremmar lokal kultur og turisme. Tilverkinga skal skje ved salsplassen.

§ 11 Salstider

Salstidene i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltida i alkohollova:

1. Kvardagar: kl.08:00 – 20:00
2. Laurdagar og dagar før heilagdagar, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag: kl.08:00 – 18.00

DEL 4 GEBYR

§ 12 Gebyr for einskildhøve

1. Ved søknad om skjenkeløyve for einskildhøve skal det betalast eit gebyr for sakshandsaming. Størrelsen på gebyret vert bestemt ut frå forventa tal deltakarar:

0-100 personar/ gjestar	Kr. 600,-
100- 200 personar/gjestar	Kr. 1.500,-
Meir enn 200 personar/gjestar	Kr. 3.000,-

2. Om det ved kontroll syner seg å vere fleire gjestar enn oppgjeven i søknad, vert det sendt justert krav etter punkt 1.
3. Om arrangementet vert avlyst, skal det berre betalast eit gebyr på kr 500,-.
4. Ved søknad om salsløyve ved einskildhøve skal det betalast eit gebyr for sakshandsaming på kr. 600,-.

Del 5 Kontroll og sanksjonar

Sals- og skjenkekontrollen i Kvam står for kontrollverksemd av sals- og skjenkeplassar i Ulvik. Alkoholforskrifta §9-7 seier at sals- og skjenkeplassar skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier. Kvar plass skal kontrollerast minst ein gong årleg. Det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som kommunen har sals- og skjenkeplassar.

§13 Prikktildeling og inndraging

Sals- og skjenkeløyve skal utøvast på ein slik måte at alkohollov- og forskrift, samt anna lovgiving som har samanheng med alkohollovas formål til ei kvar tid er oppfylt.

Alkoholforskrifta kapittel 10 inneheld detaljerte reglar for prikkbelastning og inndraging av løyver. Desse reglane skal styre kommunens praksis ved brot på regelverket.